Fred Olsen på nytt besøk

19.06.2009

Fred Olsen sine cruise-båter har visst gjort det til ein rutine å leggja turen gjennom Storsundet etter å ha vore lenger inne i fjorden.
For nokre dagar sidan gjekk Blact Match innom oss - med ein uskedeling som maskinsjef.
Fredag ettermiddag var det Balmoral som gjorde det og var eit flott syn.

Balmoral er nyleg utvida og renovert og er den største av rederiets fem cruise-båtar med sine 43.537 tonn.

Den har en passasjerkapasitet på 1.400 og et mannskap på 500!
No skal den til England og til helga tek den fatt på eit Iberia-cruise!

(Foto: Knut A. Myklebust)